



Utvallssak nr.	Utval	Møtedato
071/01	Formannskapet	22.03.01

Mellombels bruk av areal til parkering/parkeringshus til hagesenter Anders Haugland A/S - Gnr.188 Bnr. 385, Gjervik ytre

Saksdokument vedlagt:

Situasjonskart 1:1000

Saksdokument ikkje vedlagt:

Brev datert 08.03.01 frå Anders Haugland AS
Kvittering for motteke nabovarsel
Prinsipp-teikning av veksthus

Saksutgreiing:

Saka skal avgjerast endeleg av formannskapet/planutvalet.

Då Søderstrøm Blomster som i dag er etablert delvis i og utanfor Promenaden har for lite areal til si verksemd har dei i lengere tid sett seg om etter ny tomt til hagesenterføremål. Ved henvending til fa. Anders Haugland AS som er eigar av gnr. 188, bnr. 358 har firma søkt om å nytta delar av tomta mellombels til hagesenter i inntil 3 år. Grunngevinga for dette er at det kan gå endå fleire år før areala vert utbygd i samsvar med framlegget til arealbruk i kommunedelplanen for Knarvik – Isdal – Alver og at den utskutte gropa fremdeles vil verta liggjande som eit sår i landskapet til irritasjon og plage for dei som ferdist i området.

I samband med den mellombelse omsøkte bruken av arealet er det ynskjeleg at følgjande mellombelse installasjonar vert sett opp i tillegg til finplanning av eigedomen:

- Inngjerding av området som skal nyttast til hagesentert.
- Plassere eit veksthus i flyttbare konstruksjonar på omlag 200 m², inklusivt sosiale rom på eigedomen. Bygget vil verta tilknytt offentleg vatn og kloakk.
- Parkeringsareal for omsøkte bruk og turvande uteareal for sal av plantar.

Vurdering:

I både framlegg til reguleringsplan for rundkjøring ved Hagelsundet bru og i framlegg til kommunedelplan for Knarvik m.m. er eigedomen føreslege nytta til veg- og parkeringsføremål. Slik sett er ikkje omsøkte mellombelse bruk i samsvar med ovanemnde

arealplanar.

Etter dei signal som ligg føre frå vegsjefen kan det ta noko tid før hovedvesystemet gjennom Knarvik med tunnel på europaveg 39 mot Gjervik og på riksveg 57 mot Isdal vert bygd.

Administrasjonen ser difor positivt på at resten av den utskote gropa som ikkje er planert ut til parkeringsplass også mellombels kan planerast ut og rustast opp til glede for forretnings- og bumiljøet i området.

Eit slikt mellombels løyve på inntil 3 år vil heller ikkje binda opp kommunen eller vegvesenet, slik at dei vert hindra i å få gjennomført vegutbygginga i/gjennom Knarvikområdet når dei ynskjer det og dei økonomiske rammene for vegomlegginga ligg føre.

Vurdering av miljøkonsekvensar:

Ei opprusting av den utskotne gropa vil føra til ei estetisk oppgradering og miljømessig forskjøning av området.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

I medhald av § 7 i plan- og bygningslova gjev formannskapet/planutvalet mellombels dispensasjon frå arealbruken i kommunedelplanen for Knarvik – Isdal – Alver (frå parkering/parkeringshus til hagesenter) i inntil 3 år.

Den mellombelse bruken av eigedomen skal godkjennast av Statens vegvesen, Hordaland.

Søknad om mellombels løyve til dei ulike tiltaka må sendast inn og godkjennast av kommunen særskilt.

Handsaming i Formannskapet - 22.03.2001:

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 22.03.2001:

I medhald av § 7 i plan- og bygningslova gjev formannskapet/planutvalet mellombels dispensasjon frå arealbruken i kommunedelplanen for Knarvik – Isdal – Alver (frå parkering/parkeringshus til hagesenter) i inntil 3 år.

Den mellombelse bruken av eigedomen skal godkjennast av Statens vegvesen, Hordaland.

Søknad om mellombels løyve til dei ulike tiltaka må sendast inn og godkjennast av kommunen særskilt.